



DEN NORSKE KYRKJA

Masfjorden sokn

20. mai 2025

Invitasjon til markering av 50-årskonfirmantane i Masfjorden

Medan det er no er konfirmasjonstid for vårens konfirmantar, er det i år 50 år sidan du vart konfirmert i Masfjorden!

Sandnes kyrkje 11. mai 1975

Frøyset kyrkje 25. mai 1975

Solheim kyrkje 1. juni 1975



Dette er eit jubileum som soknerådet i Masfjorden ynskjer å markera. Difor vert du med dette invitert til gudsteneste i **Sandnes kyrkje, søndag 14. september kl. 11.** Der vil det mellom anna verta ein presentasjon av dykk som gullkonfirmantar.

Etter gudstenesta vert det middag, dessert og kaffi på Snikkarbua på Kvingo, med tid og rom til å møta att gamle kjente, mimra og ha det kjekt i lag. Det vert eit enkelt program med song og musikk og quiz. De vil møta sokneprest Torbjørn Sæle og organist Boris Kuprijanov både på gudstenesta og markeringa etterpå.

Me vonar at så mange som mogleg frå konfirmantkullet 1975 ynskjer å delta på denne markeringa av 50-årsjubileumet for konfirmasjonen!



Påmelding skjer elektronisk på nettsida www.masfjorden.kyrkja.no eller ved å kontakta Masfjorden kyrkjekontor på e-post post@kyrkjaimasfjorden.no eller telefon 56166261 seinast innan 8. september.

Pris for middag, dessert og kaffi kjem på ca 275 kr per pers, som de betaler på kafeen. De er velkomne til å ta med følgje om det passar seg slik.

Håpar me sjåast 14. september 2025!

Venleg helsing soknerådet i Masfjorden v/

*Rune Garmann
soknerådsleiar*

*Torbjørn Sæle
sokneprest*